

Representantskapsmøte 2024

Saksliste (oppdatert 27.3.24)

Årsmøte vert halde i Vestnes, onsdag **3. april** klokka 18.00. Møtestad: Myra Kulturbygg, Myra 34

Program i samband med representantskapsmøtet:

- **Kl. 17.00** er det synfaring i Kråkvika friluftsområde (oppmøte ved møtelokalet) v/Emil Balstad (einingsleiar tekniske tenester Vestnes kommune) og Per Ottar Bjørdalsbakke (Kråkvikas Venner)
- **Kl. 18.00** startar årsmøtet på Myra Kulturbygg

I starten av møtet:

- Matsservering
- Helsing frå ordførar i Vestnes kommune Randi Bergundhaugen
- Orientering om Sunnmøre friluftsråd sine viktigaste prosjekt og 50-årsjubileumet v/staben

Saksliste:

- Sak 1/24: Godkjenning av innkalling og saksliste. Registrering oppmøte årsmøteutsendingar.
Sak 2/24: Val av ordstyrar og sekretær, og to til å skrive under protokollen
Sak 3/24: [Årsrapport 2023 – lenke til vedlegg](#)
Sak 4/24: [Årsrekneskap 2023 – lenke til vedlegg](#) og [Årsrekneskap m/kontospes. – lenke til vedlegg](#)
[Uavhengig revisor MR Revisjon SA beretning 2023 – lenke](#)
Sak 5/24: Medlemskontingent for 2025
Sak 6/24: Markering av 50-årsjubileumet til Sunnmøre friluftsråd 16.-17. august 2024
Sak 7/24: Ny arbeidsbåt for Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal 2024
Sak 8/24: Andre innkomne saker
Sak 9/24: [Handlingsplan 2024-2026 - lenke](#) med [arbeidsplan for 2024 – lenke til vedlegg](#)
Sak 10/24: [Årsbudsjett 2024 – lenke til vedlegg](#)
Sak 11/24: [Val – lenke til valnemnda si innstilling](#)
Sak 12/24: Val av valnemnd

Vedlegg av dokument ligg som digitale lenker i lista over. Elles står sakene i dette dokumentet.
Saksliste og alle vedlegg ligg også på [friluftsradet.no/Om oss/Styret og representantskapet](http://friluftsradet.no/Om_oss/Styret_og_representantskapet)



SFR sak 1/24: Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksframlegg:

Representantskapet er sendt innkallinga på e-post 7. mars 2024 via kommunane sine postmottak. Det er også orientert om møtedato for representantskapet i brev til kommunane i februar. Vedlegga til sakslista ligg ved i digital lenke.

Framlegg til vedtak:

Representantskapet godkjenner innkallinga og sakslista for representantskapsmøtet 2024.

SFR sak 2/24: Val av ordstyrar og sekretær, og to personar til å skrive under møteboka

Saka vert lagt fram utan innstilling.

Framlegg til vedtak:

Representantskapet vel:

- 1. som ordstyrar og som sekretær***
- 2. og til å skrive under møteboka.***

SFR sak 3/24: Årsrapport 2023

Saksframlegg:

Jf. samarbeidsavtalen § 5 pkt. 4 skal årsrapporten gjere greie for gjennomføringa av fjorårets arbeidsplan og oppfylle krava til rapportering frå deltakarkommunane.

Årsrapporten er ei oppsummering som speglar aktiviteten i Sunnmøre friluftsråd i 2023. Årsrapporten gir eit godt bilete av kor breitt friluftsrådet jobbar med både fleire store aktivitetsprosjekt, arbeid mot marin forsøpling, skjergardsteneste og drift av friluftsområde.

Vedlegg: Årsrapport Sunnmøre friluftsråd 2023 (utdelt)

Framlegg til vedtak:

Representantskapsmøtet godkjenner årsrapporten til Sunnmøre friluftsråd for 2023.

SFR sak 4/24: Årsrekneskap 2023

Saksframlegg:

Årsoppgjeret 2023 viser omsetnad på **18,15 mill. kr** (2022: 15,7 mill., 2021: 13,9 mill., 2020: 13,1 mill.), og samla utgifter på **18,12 mill. kr.** (2022: 14,7 mill., 2021: 14,8 mill., 2020: 13,4 mill.). Driftsresultatet i 2023 er dermed på **0,03 mill. kr** (2022: 1,03 mill., 2021: - 0,8 mill., 2020: kr. 0,4 mill.). Finansinntekter i 2023 er 0,11 mill. kr (2022: 0,03 mill.). **Årsresultat 2023 er 0,14 mill. kr** (2022: 1,06 mill.)

Kontingenten frå deltakarkommunane er totalt 3,2 mill. kr (2022: 3,1 mill., 2021: 2,9 mill., 2020: 2,6 mill.) og utgjer framleis om lag 20 % av inntektene.

Øvrige inntekter er i all hovudsak prosjekt-, administrasjons- og driftsmidlar frå Miljødirektoratet, Friluftsrådenes Landsforbund, Handelens Miljøfond/Rydd Norge, Møre og Romsdal fylkeskommune, Sparebanken Møre, Gjensidigestiftelsen, Wattn og sponsor- og salsinntekter frå lokalt næringsliv. Det er særleg arbeid mot marin forsøpling og drift av skjergardstenesta som fekk tilskot, men også aktivitetprosjektet Slå på ringen, StikkUT! og andre aktivitetstiltak og bygging av friluftsanlegg fekk støtte.

Lønnsutgiftene er største utgiftsposten. I 2023 er samla lønnsutgifter totalt vel 8,4 mill. kr (2022: 7,4 mill., 2021: 7,1 mill., 2020: 6,1 mill. kr) Dette er 1 mill. kr høgare enn i 2022.

Varekostnader er auka med 1,4 mill. i 2023 til 4,2 mill. kr (2022: 2,8 mill., 2021: 3,2 mill., 2020: 3,6 mill.). Andre driftskostnader er auka med 1 mill. til 5,2 mill. kr (2022: 4,2 mill., 2021: 4,1 mill., 2020: 3,4 mill.).

Friluftsrådet har større prosjektaktivitet og der igjennom fleire arbeidstimar og auka vare- og driftskostnader. Auken er dekt inn av auka prosjektinntekter /tilskot.

Sjå også årsrapport 2023 for oversikt økonomi.

Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal fører også eige rekneskap og budsjett.

Vedlegg:

- Årsrekneskap 2023 med noter og årsrekneskap 2023 kontospesifisert (sjå digital lenke til vedlegg)
- Revisjonsmelding frå Møre og Romsdal Revisjon SA 2023 (sjå digital lenke til vedlegg)

Framlegg til vedtak:

Sunnmøre friluftsråd (KO) er eit eige rettssubjekt som fører eigen rekneskap (jf. samarbeidsavtalen § 19). Representantskapsmøtet godkjenner rekneskapen for 2023.

SFR sak 5/24: Medlemskontingent for 2025

Saksframlegg:

Samarbeidsavtalen §5 seier at representantskapsmøtet «skal fastsette neste års medlemskontingent. Ein auke utover 2% frå året før krev 2/3 fleirtal på representantskapsmøtet».

I 2017 vart medlemskontingenten auka med 3 kr per innbyggjar, til 18 kr. Dei siste 5 åra er medlemskontingenten auka med berre 2 % kvart år; frå 19,09 kr i 2020 til 20,66 kr per innbyggjar i 2024. Dette er ein samanlagt auke på 1,57 kr på fem år.

Samanliknar vi med veksten i konsumprisindeksen dei siste åra, ligg denne betydeleg høgare. For året 2025 innstiller styret på at kontingentauken følgjer sist kjende konsumprisindeks (2023) som er 4,7 %. I kroner vil dette utgjere ein kontingentauke frå 20,66 kr til 21,63 kr pr. innbyggjar i 2025. Dette vert ein auke på 0,97 kr frå 2024 til 2025.

Framlegg til vedtak:

Medlemskontingenten for Sunnmøre friluftsråd (KO) for 2025 vert sett til 21,63 kr per innbyggjar.

SFR sak 6/24: Markering av 50-årsjubileet til Sunnmøre friluftsråd i 2024

Saksframlegg:

Friluftsrådet Ålesund og omland vart stifta i 1974. I 2015 endra friluftsrådet namnet til Sunnmøre friluftsråd og fleire kommunar vart etter kvart medlemmar. Frå 2022 var alle 14 kommunane på Sunnmøre pluss Vestnes medlem i Sunnmøre friluftsråd.

I 2024 feirar friluftsrådet 50 år, og dette kan markerast med fagkonferanse, festarrangement, faglege og historiske artiklar og andre markeringar.

Framlegg til vedtak:

Representantskapet for Sunnmøre friluftsråd (KO) er inviterte til arrangement 17. august 2024 på Parken Kulturhus i Ålesund (Foajeen i 3. etg.) for å markere 50-årsjubileumet til Sunnmøre friluftsråd. Også andre ordførarar og kommunedirektørar i medlemskommunane vert inviterte.

SFR sak 7/24: Ny arbeidsbåt for Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal 2024

Saksframlegg:

Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal er eigd av fire partar som også utgjer styret: Miljødirektoratet, fylkeskommunen og dei to friluftsråda i fylket. Tenesta skal dekke heile Møre og Romsdal. Skjærgårdstenesta er organisatorisk plassert i Sunnmøre friluftsråd, og arbeidsbåtane har heimehamn i Gåseidvika i Ålesund.

Då Møre og Romsdal etablerte eiga skjærgårdsteneste i 2018, starta vi opp med ein arbeidsbåt (Rigmor). Planane framover var å utvide båtkapasiteten etter ein oppstartsperiode, vi er no klare for dette. Med to arbeidsbåtar kan vi tilby ei betre teneste i høgsesongen i heile fylket.

Ved etableringa i 2018 avsette Møre og Romsdal fylkeskommune 2,5 mill. kr på eigen konto øyremerka investering i ny arbeidsbåt (fylket sin andel) slik at forventna framtidig behov skulle ha økonomisk grunnlag. Miljødirektoratet har overført 1,2 mill. kr til båtfond i 2023, og vil vurdere ny overføring i 2024 (staten sin andel). Dermed gjenstår friluftsråda sin andel av spleiselaget.

I styremøte i Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal 13.12.2023 vedtok styret å utvide tenesta med ein ny arbeidsbåt i 2024 (sak 109/23). Styreleiar Eva Hove og dagleg leiar sit i styret for skjærgårdstenesta.

«Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal skal utvide tjenesten til to skjærgårdstjenestebåter. Målet for anskaffelsen er å utvide kapasiteten til tjenesten, og for å kunne utføre flere og mer driftsoppgaver i Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal i hele fylket. Det skal inngås kontrakt om kjøp av en ny arbeidsbåt i 2024. Den nye båten skal driftes sammen med eksisterende arbeidsbåt Rigmor.

- *Arbeidsbåten skal være i størrelse 40 fot og være tilpasset skjærgårdstjenestens behov*
- *Kostnadsramme er inntil 7 millioner nok med finansiering fra fire parter i Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal: Finansieringen blir et spleiselag mellom Miljødirektoratet, Møre og Romsdal fylkeskommune, og kommunene gjennom sitt medlemskap i de to friluftsråda.*
- *Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal har som mål og inngå kjøpekontrakt av arbeidsbåten før sommer 2024. Spesifisering av båten og anskaffelsesprosess vil gå fortløpende vinter/vår 2024.»*

Sunnmøre friluftsråd sin andel i spleiselaget er 1 mill. kr. Vi har allereie eit båtfond på 0,47 mill. kr. Styret i friluftsrådet innstiller på at vi set av 0,2 mill. kr i årets budsjett. Resterande midlar vert avsett i 2025, eller evt. søknad om ekstern sponsorstøtte.

Framlegg til vedtak:

Representantskapet i Sunnmøre friluftsråd støttar styrevedtaket i Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal datert 13.12.23 om å utvide tenesta til to skjærgårdstjenestebåtar, og målet om å inngå kontrakt om kjøp av ein ny arbeidsbåt i 2024. Den nye båten skal driftast saman med eksisterande arbeidsbåt Rigmor.

Sunnmøre friluftsråd sin eigenandel i spleiselaget i kjøp av ny arbeidsbåt er etter skjærgårdstenesta sitt budsjett 1 mill. kr. Finansiering av eigenandelen:

- ***Sunnmøre friluftsråd båtfond til framtidig arbeidsbåt avsett i 2019: 470.000 kr***
- ***Avsetning i budsjettet for 2024: 200.000 kr***
- ***Resterande beløp vert avsett i budsjettet i 2025. Eventuell sponsorstøtte vil redusere Sunnmøre friluftsråd sitt resterande bidrag***

SFR sak 8/24: Andre innkomne saker til representantskapet

Eventuelt innkomne saker vert ettersendt.

SFR sak 9/24: Handlingsplan 2024-2026 med arbeidsplan for 2024

Saksframlegg:

Vedlagte dokument kombinerer ein treårig handlingsplan for perioden 2024-26 med arbeidsplan/prioriterte prosjekt for 2024. Dette heng saman med kva prosjekt friluftsrådet har fått støtte til i år. Handlingsplanen bygger på formålet til friluftsrådet som står i samarbeidsavtalen § 3, og berekraftsmåla.

Årsmeldinga rapporterer på gjennomføring av handlings- og arbeidsplanen, og har same kapittelinndeling.

Vedlegg:

- Handlingsplan for Sunnmøre friluftsråd 2024-26
- Arbeidsplan/prioriterte prosjekt for 2024 (sjå digital lenke til vedlegg)

Framlegg til vedtak:

Representantskapsmøtet godkjenner Handlingsplan for Sunnmøre friluftsråd (KO) 2024-26 og arbeidsplan for 2024.

SFR sak 10/24: Årsbudsjett 2024

Saksframlegg:

Framlegget til budsjett 2024 viser forventa samla **driftsinntekt på 26,40 mill. kr** der 6 mill. kr er forventa interninntekter på prosjekttimar. Det er forventa samla **driftskostnad på 26,11 mill. kr.** i 2024 (2023: Budsjettert inntekt 24,42 mill., forventa kostnad 24,35 mill. 2023: Budsjettert inntekt 19,26 mill., forventa kostnad 19,25 mill.). Oppsummert er det forventa eit samla **driftsresultat på 0,29 mill. kr** i 2024.

Det er mottekne tildelingar og tilskot som er lagt til grunn for budsjettet 2024; For avd. 30 Aktivitet er ikkje alle tildelingane klare, her er beløpa i prosjektsøknadane lagt til grunn. Av erfaring vert tildelingane noko lågare enn søknadane. Budsjettet vert revidert i august 2023 om behov.

Fordeling av forventa inntekter og utgifter etter avdeling (avrunda tal):

	Inntekter 2024	Kostnader 2024
Inntekt avd. 10 Administrasjon inkl. arb.bilar	4 487 500	10 300 000
Inntekt avd. 20 Drift og anlegg	1 508 500	1 500 000
Inntekt avd. 30 Aktivitet	5 553 000	5 553 000
Inntekt avd. 40 Skjærgårdstjenesten MR	5 105 000	4 915 000
Inntekt avd. 50 Marin forsøpling	3 643 000	3 643 000
Inntekt avd. 60 Utstyrsbase	100 000	200 000
SUM INNTEKTER	20 397 000	
Prosjektinntekter til avd 10 - internoverføring	5 000 000	
Prosjektinntekter avd 40 - internoverføring	1 000 000	
TOTALT	26 397 000	26 111 000

Merknad til tabell: Prosjektinntekter frå prosjektarbeidstimar innan Aktivitet (avd. 30) og Marin Forsøpling (avd. 50) er med å finansierte kostnader i Administrasjon (avd. 10) og Drift (avd. 20). Bl.a. blir lønn, husleige, arbeidsbilar og IKT kostnadsført på avd. 10.

Vedlagte budsjett 2024 er sett opp i ei oversikt der fjorårets budsjett og årsrekneskap kjem fram.

Budsjettet viser ambisjonen til friluftsrådet om høg aktivitet også i 2024. Det er forventa auka omsetnad både i avd. 30 Aktivitet og avd. 50 Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal. Der er derimot forventa lågare omsetnad i avd. 50 Marin forsøpling enn i fjor fordi tilskot frå Handelens Miljøfond er redusert med om lag 2 mill. For avd. 20 Drift og Anlegg er det i 2024 forventa høgare utbetaling frå Møre og Romsdal fylkeskommune enn i fjor fordi mange pågåande anleggsprosjekt vert ferdigstilte i år (sluttutbetaling).

Det er budsjettert med eit samla driftsresultat på 0,29 mill. kr, 0,2 mill. av desse vert avsett til båtfond, jamfør representantskapet sitt vedtak i sak 7.

Vedlegg: Årsbudsjett for 2024 (sjå digital lenke til vedlegg).

Framlegg til vedtak:

- 1. Representantskapsmøtet godkjenner årsbudsjettet for 2024.**
- 2. Representantskapet ber om at 200.000 kr vert avsett til båtfond i 2024.**
- 3. Representantskapsmøtet gir styret fullmakt til å gjere nødvendige endringar etter kvart som inntektssida blir avklart.**

SFR sak 11/24: Val

Saksframlegg:

Val til styret er omtalt i Samarbeidsavtalen § 5, punkt 12 a. Kvar deltakarkommune har 1 styremedlem med personleg vararepresentant pr. 20.000 innbyggjarar. Medlemmane i styret har ei funksjonstid på to år. Så langt råd skal halvparten av styremedlemmane med vara vere på val kvart år. Det er deltakarkommunane som vel sine styremedlemmar med personleg vara i forkant av representantskapsmøtet, desse er oversendt valnemnda (sjå digital lenke til vedlegg)

For å oppfylle kjønnsrepresentasjonen (40%), må styret (17 medlemmar) ha minimum 7 kvinner/menn.

Innmeldte styremedlemmar som kommunestyra har valt for perioden 2024 - mars 2026:

Kommune	Styremedlemmar (innstilte)	Vararepresentantar (innstilte)
Fjord	Eva Hove (attval)	Almar Bonsaksen Remme (ny)
Haram	Guttorm Kjerstad (ny)	Kathrine Pernille Beite (ny)
Hareid	Annika Brandal (attval)	Bernhard Harkjerr (attval)
Giske	Jan Ove Skodje (attval)	Louise Haahjem (attval)
Sande	Sindre Slettestøl (attval)	Sara Fugledal Wiik (ny)
Sykkylven	Sveinung Vemøy (ny)	Eva Eline Tandstad (attval)
Ulstein	Berit Sandvik Skeide (attval)	Stig Ole Borgundvåg (ny)
Vanylven	John Willy Klungrø (attval)	Njål Sivertstøl (ny)
Volda	Annlaug Sunde Stokke (ny)	Stig Helland (ny)
Ørsta	Bente Iren Flåvik Bjørndal (ny)	Marit Aklestad (ny)
Ålesund	Thea Elise Vestre Aasen (attval)	Thor Erik Aag (ny)
Ålesund	Ole Grebstad (ny)	Unni Kristin Wiik (ny)

Styremedlemmar valde for perioden 2023 - 2025 som allereie sit i styret (på val i mars 2025):

Kommune	Styremedlemmar (ikkje på val)	Vararepr. (ikkje på val)
Herøy	Linn-Therese Hansen Sævik	Sigurd Nygard
Stranda	Bodil Lie (fast møtande vara)*	
Sula	Nils Erik Bjørkavåg	Karoline Antonie Slinning
Vestnes	Jon Kåre Osdal	Sissel Vik Vasseli
Tilsettrepr.	Christer Lundberg Nes	Hilde Ellingsæter

*Stranda kommune: Bodil Lie er fast møtande vara fordi valde medlem Petter Hjørungdal er blitt vald inn i kontrollutvalet i Stranda, og kan difor ikkje stille som styremedlem.

Oversikt kven som går ut av styret etter representantskapsmøtet:

- Karen Høydal (Ørsta)
- Jarle Hauge Steffensen (Ålesund)
- Janet Roelofs (Ålesund)
- Ola Magne Einang (Volda)
- Trond Bonesmo (Sykkylven)

Val av styreleiar, nestleiar og revisor

Valnemnda skal innstille på styreleiar og nestleiar til representantskapsmøtet. Desse vert valde for eitt år. Valnemnda legg fram innstillinga under møtet (sjå digital lenke til vedlegg)

Styreleiar (2024-25): Eva Hove (attval)
Nestleiar (2024-25): Berit Sandvik Skeide (attval)

Valnemnda skal innstille på revisor til representantskapsmøtet. Denne vert vald for eitt år. Valnemnda legg fram innstillinga under møtet:

Revisor (2024-25): MØRE OG ROMSDAL REVISJON SA (attval)

Framlegg til vedtak:

- 1. Representantskapsmøtet tek til vitande nye styremedlemmar med vara for perioden 2024-2026 som kommunane har meldt inn.**
- 2. Representantskapsmøtet vel: som styreleiar og som nestleiar fram til representantskapsmøtet 2025.**
- 3. Representantskapsmøtet vel: som revisor fram til representantskapsmøtet 2025.**

SFR sak 12/24: Val av valnemnd

Saksframlegg:

Valnemnda skal bestå av tre medlemmar og ein vara, og at desse skal ha ulik funksjonstid over tre år (vara eitt år) for å sikre kontinuitet. Oversikt over sitjande valnemnd:

Leiar: Lena Landsverk Sande, 2021-2024 (Vanylven)
Medlem: Martin Kjøpstad, 2022-2025 (Vestnes)
Medlem: Bodil Tronstad Lie 2023-2026 (Stranda)
Vara (eitt år): Bernhard Harkjerr (Hareid)

Det er styret som innstiller på representantar i valnemnda. Lena Landsverk Sande har sete i tre år og vara Bernhard Harkjerr har sete i 1 år, og er på val i år. Styret innstiller slik framlegget viser:

Framlegg til vedtak:

Representantskapsmøtet vel følgjande valnemnd med tre-årig rotasjon for faste medlemmar:

Leiar: Martin Kjøpstad, 2022-2025 (Vestnes)
Medlem: Bodil Tronstad Lie 2023-2026 (Stranda)
Medlem: Bernhard Harkjerr (Hareid) 2024-2027 (Hareid)
Vara (eitt år): Karen Høydal vara eitt år (Ørsta) - ny

Avslutning av representantskapsmøtet 2024

Representantskapsmøtet vert avslutta av styreleiar.